# Preikestolen

04
2025
86. ÅRG.




7 SOLVEIG ELSKAR JULA
12 ET BARN ER FØDT
13 JULEEVANGELIET
14 SAFTIGE LUSSEKATTAR

KYRKJEBLAD FOR HJELMELAND, FISTER, ÅRDAL, STRAND, JØRPELAND OG FORSAND SOKN

Preikestolen

NR.4, DESEMBER 2025.
86. ÅRG.

## INNHALD

| | |
|---|---|
| Frå redaksjonen | 2 |
| Andakt | 3 |
| Intervju: Kjellaug R. Frantzen | 4 |
| Frå juletrefesten i Lyse kapell i januar | 6 |
| Solveig elskar jula | 7 |
| Olga - Frå Karelia via Skjervøy til Strand | 10 |
| Altertavla i Fister kyrkje 400 år | 11 |
| Et barn er født | 12 |
| Min julesang | 13 |
| Juleevangeliet | 13 |
| Saftige lussekattar | 14 |
| Rekordmange kyrkjelege vigsler i Søre Ryfylke | 15 |
| Oppslagstavla | 16 |
| Slekters gang | 19 |
| Info om kyrkjekontor | 22 |
| Gudstenester | 23 |

FRÅ REDAKSJONEN




# JULA – EI HØGTID MED HÅP

Som julehelsing til lesarane våre vil me låna tekstliner frå Bjørn Eidsvåg sin julesong:

**«I en krybbe i en stall fødtes håpet til vår jord»**

I ei uroleg tid er det godt å setja fokus på noko større enn det me menneske har å koma med. Eit håp som ikkje er avhengig av kven me er eller kvar me bur. Eit håp som skapte fred mellom Gud og menneske.

Siste verset i songen går slik:

**«I det stille til de små bringer Jesus håp om fred
Og han kommer da som nå fra himlen til oss ned
Julenatt med lys og glede minner oss om Gud som kom
Evig er han her tilstede, nå står grav og krybbe tom.»**

Med ønskje om ei velsigna advents- og julehøgtid!

*Siv Fossan*

**Adresse:**
Postboks 188
4126 Jørpeland

Neste nr. kjem 17. mars 2026
Frist for innlevering av stoff
er 10. februar 2026.

**Redaksjon:**
Liv Åse Gaard
Marit Rødland
Mette Ingvaldstad
Sigbjørn Turøy
Siv Fossan
Yvonne Langeland Meltveit
Janne Sørskår

**Kyrkja sin kontaktperson:**
Liv Åse Gaard
kyrkja@strand.kommune.no

Får de ikkje Preikestolen i postkassen, kan de ta kontakt med eit av kyrkjekontora.
Sjå tlf. nr. s. 22.

Abonnementspris: Kr 300 pr år

Bankgiro **3205.30.06158** eller
-nummer **105004**
vipps

**Design og trykk:**
Ålgård Offset
Opplag: 7400

**Framsidefoto:**
Bo Mathisen

TRYKT I NORGE NO - 4660
SVANEMERKET Trykksak 2041 0652



# ÅRET ME UTFORSKAR TRADISJONANE

*Kva er juletradisjonar for deg? Er du frå ein familie med juletre av furu eller gran – i så fall edelgran, norsk gran eller eviggrønt kunststoff? Kva slags lukter forbind du med jul? Bestefar sin sigar eller den tradisjonelle julemiddagen?*

Dette er året då jula sine tradisjonar og kyrkjelege røter bør utforskast. Jula 2025 er nemleg ei 900-årsjubileumsjul! Trua på Guds og Marias son hadde byrja å slå rot i Rogaland då Stavanger bispedømme vart etablert.

Domkyrkja er datert til år 1125, og me er stolte av at den vakre katedralen har vore i samanhengande kyrkjeleg bruk i 900 år. Tallause julesalmar er «avleira» i dei solide veggane der.

Jul var opphavleg festen for solsnu, ein skikk knytt til naturen sitt kretsløp. «Yule-tide» heiter det i nokre engelske julesongar. Me har halde på ordet jul, men innhaldet handlar meir om «Christmas» eller Kristmesse, på norsk.

## Fastetida er dele-tid

Ofte er familietradisjonar knytte til måltida. Mange veker før julehelga blir me minna om at ribbe og pinnekjøt høyrer jula til. Før gav juledagen den første kjøtmiddagen på fleire veker. Advent var fastetid. Ein tradisjon me godt kan ta vare på, er at adventstida blir dele-tid. I seinare år har det vore fleire medieoppslag om folk som trassar sjenanse og norske tradisjonar for å inkludere nye i måltidsfellesskapet akkurat til jul. Kan det bli ein ny tradisjon?

Feirar de jul saman på tvers av generasjonar? Lat det bli ein tradisjon at nokon fortel om sine juleminne, kanskje både på godt og vondt. Forskjellane mellom familiemedlemmar og mellom hushald i eit nabolag kan vere store. Jula toler at me snakkar ærleg om misunning, sår og forskjellsbehandling. Jesus vart menneske nettopp fordi Gud bryr seg om menneske og korleis me har det. Jula minner oss også på Jesu kjærleiksbod om at me skal elska kvarandre.



## Lyset finst

Solsnu-motivet er framleis med oss inn i feiringa av Jesu fødsel, han som kalla seg verdas lys. Gjennom førjulstida lyser adventskransen stadig sterkare, og til høgtida syng me «Ho mor, ho kveikjer alle ljos».

Lys er ikkje berre ein flamme eller noko me kan slå på med ein brytar. Lys er eit bilete på det me treng når dagane er tunge. Me treng kvarandre, eit vennleg smil, ein hjelpsam nabo, at nokon deler med oss – og me treng håp. Håpssymbolet er eit anker. Ankeret har feste i æva hos Jesus, som var før alle tider og som vart ein av oss.

Lat tradisjonen med å feira verdas lys halda fram med å bringa håp – «midt i den kalde vinter, ved mørke midnatts tid». (Det hev ei rose sprunge, nr. 33 i Norsk salmebok.)

**God Kristmesse 2025!**

Anne Lise Ådnøy, biskop i Stavanger bispedømme



# EIT LIV FRÅ BARNDOM, JUL OG TENESTE

TEKST: SIV FOSSAN

Ein fin haustdag i oktober tar eg turen til Rossavik for å snakka med Kjellaug. Sjølv om det framleis er blad att på trea og sola spelar seg i haustfargane er temaet vårt barndom, jul, og teneste.

## Juleførebuingar:

Kjellaug bur på garden ho er oppvaksen på i Rossavik. Der vaks ho opp saman med foreldre og fleire søsken. Mykje har endra seg sidan ho var jente på 40- og 50-talet, òg når det gjeld jul og juleførebuingar.

Den gongen var det lite jule-marsipan og julebrus i butikken frå midten av oktober, men når det leid mot jul var det hektiske dagar. Det skulle både bakast og slaktast på garden i Rossavik. Det blei ei spesiell stemning av slikt, mange gode julelukter og julegjeremål. Kjellaug fortel at mora laga masse julekaker. Det var alltid minst sju sortar, forutan at ho saman med svigerinna som budde like ved, steikte lefser og krotekaker. Og sjølvsagt skulle det vera Gome til jul! Det kokte ho alltid.

Ei stund før jul blei grisen slakta. Det var ikkje noko for borna å sjå på meinte foreldra, men dette var for spanande å gå glipp av. Vindauga på loftet vendte rett mot der slaktinga gjekk føre seg og då var det å lura seg opp der og sjå. Etter slaktinga derimot var det jobb for borna. Dei blei sett til å røra i blodet. Det var om å gjera og røra slik at det ikkje levra seg, og då måtte det rørast i til det blei kaldt. Dei var òg med å vaska tarmar som skulle brukast til pølser.

Dei bruka så mykje som mogleg av grisen - blodmat, persesylte, finka (kverna el. malt innmat som ein steikte på panna) - noko blei salta, noko blei hermetisert. Det blei mykje god mat.

## Julefeiring

Før julehøgtida tok til måtte dei ta julebadet! Kjellaug fortel så levande om at dei fyrte i ovnen i kjellaren og varma ei stor gryte vatn. Så helte dei det i ein stor trestamp der dei blei putta oppi til bading, 2 og 3 om gongen. Sjølv om det blei enklare med bad og varmt vatn i vasskranen, er det festlege minner frå trestampen og julebad i kjellaren!

Til julemiddag hadde dei som regel svinesteik. Det hende òg at dei fekk kjøpt torsk på Handelslaget på Helle, så då blei det juletorsk. Dessert var riskrem med mandel i.

Julegåver blei delte då som nå, og etter veker med funderingar om kva ho skulle gi, og kva ho ville få, jakt på gøymestader for julegåver for om mogleg å klemma på og gjetta kva ho fekk, kom julekvelden. Ho hugsar ikkje så mykje av kva som var i gåvene, det var mest småting. Ei jul var ho heldig og fekk ei raud strikkejakke av foreldra. Den var laga på Dirdal strikkefabrikk, og ekstra gjev.

Det som Kjellaug tykte var noko av det kjekkaste med jula, var juleselskapa. Dei var saman med familie fleire gonger i jula. Heldigvis hadde dei ikkje så lange turen før dei var framme hos tantar, onklar og søskenbarn. Saman hadde dei gode måltid, gjekk rundt juletreet og ikkje minst hadde selskapsleikar. For eit barn var det kjekt når dei vaksne var med. Og juletregang – det var alle julesongane, og alle vers. Favoritten var «O jul med din glede», for ikkje å snakka om «Jeg gikk meg over sjø og land» og «Så går vi rundt om en enerbærbusk».

4. juledag var det juletrefest og då var familien i Rossavik alltid på plass på bedehuset. Det var ikkje gudsteneste på julaftan då Kjellaug var lita. I jula, og dei andre høgtidene, var det gudsteneste på 2. dagane. 1. dagane var alltid på Høle. Far til Kjellaug var kyrkjetenar i ein mannsalder, og som jente hugsar ho at ho var med faren til kyrkja tidleg for å fyra i ovnane før gudstenesta. Fram til 1952, var det ikkje innlagt straum i kyrkja, det var to store ovnar som ein fyrte opp i når det skulle vera «preik» som dei sa då. Dette var jo òg før bilen var allemannseige. Dei køyrde til kyrkje og bedehus med hest og kjerre, både til gudsteneste, møter og søndagsskule.



Familien framfor Majå. Kjellaug heilt til høgre i biletet. Foto privat



juletregang og leiker rundt treet er kjekke minner Foto privat

Når dei skulle på skulen gjekk dei frå Rossavik til Fossanmoen, 3 km ein veg. Var dei heldige hende det dei traff Peder Maudal med lastebilen på veg opp bakken i Trodlamyrane. Dei kunne få sitja på, men då måtte dei synga ein song til betaling. Og dei song sjølvsagt!

På midten av femtitalet kjøpte foreldra bil. Dei kalla den «Majå» . Den gjorde vegen lettare kor dei enn skulle.

## Teneste

Seinare då Kjellaug blei vaksen vidareførte ho engasjementet ho hadde heimanfrå. Ho blei aktiv i NMS kvinneforeining, var med i søndagsskule, hadde jentekor, minikor, tok på seg verv i bedehus og kyrkje. Ho var blant anna leiar i soknerådet og leiar i NMS foreininga i mange år. Kjellaug ser tilbake på givande år. Det har alltid vore viktig for henne å formidla den gode bodskapen til stadig nye generasjonar. Eg spør om ho ikkje vart trøytt av alt, men Kjellaug hugsar ikkje det. Ho siterer ei som sa: «Det må vera nokre JA-folk» for å få til noko. Me som kjenner henne, veit at det har Kjellaug vore. Eg spør om ho veit kor mange bollar, kaker og anna ho har bakt til ulike arrangement opp gjennom åra? Det veit ho sjølvsagt ikkje, men eg tenkjer det ville fylt eit stort rom om alt kunne vore på ein stad.

Eg takkar Kjellaug for praten og for at ho ville dela frå barndom, jul og teneste.



Kjellaug på eit av sine mange oppdrag for fellesskapet. Foto Siv Fossan

# FRÅ JULETREFESTEN I LYSE KAPELL I JANUAR

TEKST: MARIT RYGH

Det var kalt, snø og nesten fullmåne ute. Inne i kapellet var det god stemning. Omtrent 50 personar med stort og smått var samla til juletrefest og alle song med i dei fine julesongane. Lys vart tende og me fekk høyra juleevangeliet. Det vart fortalt om sauene Esau og Laban som tok ut på tur. Det var strabasiøst og ikkje heilt ufarleg. Det enda heldigvis godt og dei fann vegen til Betlehem og Jesusbarnet der i krybba.

Etterpå vart det kaker, kaffi og saft nede i kjellaretasjen. Det vart gang rundt juletreet og alle var ivrige. Barna kosa seg. For mange var det første gong på tradisjonell juletrefest. Yngste deltakar var 3 månadar og den eldste nær 95 år. Kvelden vart avslutta med åresalg og trekning av mange flotte gevinstar. Alle kjende på godt samhald og stor takk for å kunne få koma saman til ein slik fin kveld.

NB! Det vert tradisjonell juletrefest i Lyse kapell laurdag 10. januar 2026.



kapellkjellaren er fin stad å samlast til juletrefest. Foto Anne Lise Lyse



Gang rundt juletreet. Foto Marit Rygh



Ingunn Tangen fortel levande om Laban og Esau som er på tur. Foto Grethe Leiros

# SOLVEIG ELSKAR JULA

TEKST: MARIT RØDLAND
FOTO: PRIVAT

Vår nye musikalske leiar i Jørpeland kyrkje elskar jula! Ikkje først og framst ei «perfekt instagramjul», men ei jul med gode tradisjonar og varme samvær der ein har tid til kvarandre.

Og høgdepunktet når barna hennar var små var å opne pakken frå mormor i Noreg. Den innehaldt sirupsnippar og «sjakkruter». Men pakken si ferd frå Frekhaug til USA gjorde at det berre var smular av varierande storleik att då pakken kom fram. Det gjorde ingenting! Då vart alle smulane delte i like store haugar, og så kosa dei seg kongeleg over den fantastiske smaken likevel.



Solveig og Jim

## Hadde musikk i seg

Solveig vaks opp på Frekhaug, like nord for Bergen. Der budde ho frå ho var seks veker til ho var 19 år. Far hennar, Peder Leithaug, var akkurat tilsett i ei musikklærarstilling på Nordhordland Folkehøgskole, som fortsett ligg på Frekhaug.

- Oppveksten hadde eg saman med dei fire søskena mine, mor og far. Då eg skulle begynne på gymnaset valde eg eit musikkgymnas i Bergen. Eg budde likevel heime hos mor og far på Frekhaug, seier Solveig. Og ho fortset: - Eg oppdaga gitaren då eg var 9 år, og frå eg var 14 år byrja eg å skrive eigen musikk. I tenåra fekk ho timar i klassisk gitar, piano og song frå lærarar ved konservatoriet i Bergen.

- Eg arva gleda over musikk, kunst og natur frå far, fortset Solveig.

- Mor engasjerte seg spesielt i poesi og litteratur, og var oppteken av formidling av dette. Ho kom frå middelalderdalen Numedal, og der var folketonar og tradisjonsmat ein viktig del av livet. Både mor og far prega heimen vår på kvar sine sett. Både kyrkja og bedehuset var ein naturleg del av rytmen i ei vanleg veke.

Då Solveig var 18 år reiste ho som deltakar på eit stort musikkseminar i Nederland for artistar og låtskrivarar. Seminaret var lagt opp med «workshops» på dagtid og konsertar på kveldane.

- Kjempeartig å få vere med på, seier Solveig. Så blei ho spurt om ho ville synge på ein kveldskonsert.

- Det ville eg sjølvsagt. Og dette førte til at det blei opna mange dører for meg. Eg vart invitert til å halde konsertar i mange land, blant anna i USA.

## Opna dører

Solveig Leithaug var som følgje av dette på veg til Colorado og ein stor musikkfestival der sommaren 1985. Det synte seg at det berre var to gjesteartistar frå Europa som var inviterte til å delta. Det var unge Solveig frå Noreg, og Cliff Richard, ei stor stjerne frå Storbritannia.

- Eg var nok litt «starstruck» med det same, men Cliff Richard var veldig avslappa og hyggeleg, minnes Solveig.

## Signert i USA

- Etter å ha opptredd på den store

musikkfestivalen i Colorado blei eg signert av det største plateselskapet innan gospelsjangeren i USA, Word Records. Det blei mange turnear i USA.

- Men eg budde jo i Oslo mellom turneane. Og no var det så mykje som skjedde at eg utsette utdanninga eg hadde tenkt å ta. Og det gjekk 38 år før eg til slutt gjorde utdanninga ferdig, ler Solveig.

Ho møtte sin første ektemann i 1988 under live-innspeling av eit TV-program i California der ho var musikalsk gjest. Dei gifta seg før jul i 1989, og Solveig flytta til Sør-California. Etter dette vart det ein liten periode i Aust-Texas, før ei årrekke i Rocky Mountains i Colorado. Men ekteskapet vart etter i stund så vanskeleg at det blei umogleg for Solveig og dei tre barna å leve i det. Kort fortalt fekk ho eineomsorg for barna av rettsmyndigheitene.

-Eg fekk tre barn, to gutar og ei jente. Dei er fantastiske, seier Solveig, og smiler. Ho flytta til slutt til Nashville, Tennessee, «The Music City». Der har ho budd og arbeidd dei siste 15 åra av sitt vaksne liv.

## Juleplate og søt musikk

No ga Solveig ut ei juleplate som heitte «Julefred». Ho ga den ut på både norsk og engelsk.

- Eg er veldig glad i julesongar. Og tenk, så var det under innspeling av ei av juleplatene mine at Jim og eg vart eit par. Jim var produsenten min då eg var i studioet, fortel Solveig Leithaug vidare. Jim var også aleineforelder, han hadde mista kona si i kreftsjukdom. Etter kvart oppstod det søt musikk mellom Jim og Solveig.

- Tenk, nå har vi vore gifte i 16 år, smiler Solveig.



Julelefsebaking med venninner

## Juletradisjonar

Solveig Leithaug er oppteken av juletradisjonar. Medan ho budde i USA og barna var små feira dei alltid jul den 24. desember og ikkje den 25. – som dei fleste amerikanarar gjer.

- Vi feira med norsk tradisjonsmat. Vi hadde risgraut med mandel, og til middag hadde vi alltid pinnekjøtt som vi fekk tak i gjennom Den norske sjømannskyrkja. Eg hadde baka litt norske julekaker. Og eg hadde to amerikanske venninner som begge var norskætta. Dei hadde lært å baka lefser av mødrene sine, og eg fekk vera med og lærte meg å lage denne norske baksten. Du, som vi kosa oss! Og i romjula hadde vi også norsk mat, både juletorsk og ribbe høyrte med.

## Juleheimen

Solveig vaks sjølv opp i ein varm og god heim, og har ønska å gje barna sine det same.

- Mor var så flink! Heile huset anda av jul. Og det handlar ikkje om instagram-perfekt! Vi barna hadde ein varm, god og forutsigbar heim heile året, seier ho, og fortset:

- Til jul var det ikkje brukt mykje på kjøpt pynt, men vi laga flettekorger i glade fargar, og mykje anna. Det var levande lys i adventstaken og alt anda fred. Og så var det dei gode luktene: Mor laga alle dei sju slaga julekaker, julesylte og mykje anna. Og då julekvelden kom var det far og syskena mine som gjekk i kyrkja på gudsteneste. Mor hadde mykje å få under kontroll heime, og eg ville vere med mor. Men klokka fem gjekk alltid mor og eg ut på trappa. Då lydde kyrkjeklokkene frå Salhus-kyrkja på andre sida av fjorden; jula vart ringt inn. No var det skikkeleg jul!

## Flott kyrkjelyd

- Her på Jørpeland har eg altså blitt musikalsk leiar i kyrkjelyden, og eg har fått ta med meg noko av alt det eg har erfart musikalsk frå før. Me er godt i gong med å planlegge jula i fellesskap med stab og lokale talent, kor og korps. No handlar det om at vi som tilsette samarbeider og planlegg i lag. Det kjennes SÅ kjekt å vere med i eit team! Eg har

også fått møta mange folk allereie. Og eg gleder meg til alt som skal skje i kyrkja mot juletid. Men det har vore godt å vere her når det ikkje er jul også. Det er veldig god song her i kyrkjelyden, og det er så fint å høyre! Veldig kjekt når mange bidrar på forskjellig vis. Mitt ønske er at vi saman skal lage gode opplevingar for folk, ja, for oss alle. Her må eg få nemne temakvelden om «Livsmeistring» i oktober. Då song det livsbejaande Seniorkoret. Det var fantastisk! For ein positiv gjeng! Saman med Jørpeland Musikkorps og unge lokale talent skal dei også vere med å synge jula inn i Jørpeland kyrkje 21. desember, fjerde søndag i advent.



borna til Solveig saman med sine

### Barn og søsken på besøk

Til jul kjem alle dei tre barna til Solveig på besøk til Tau, der mora og Jim bur.

- Det skal bli stas! Og til neste vår kjem Jim sine søsken frå USA hit, fortel Solveig. Både Jim og Solveig er familiekjære, så det var ei glede at tre av dei fire søskena hennar alt har vitja henne.

- Mange her i området kjenner til ein av brørne mine, Bjarte Leithaug, og hans songar. Og i mars 2026 kjem han hit igjen for å ha ein stor familiekonsert med barnekor frå Ryfylke i kyrkja på Jørpeland, det trur eg blir ein flott konsert! Bjarte er låtskrivar, artist og pensjonert musikklærar.



Solveig på ein av sine mange konsertar

Bror Paul er pensjonert organist på Karmøy, men stiller ofte på vikaroppdrag. Og bror Lyder sit i bystyret i Bergen og er pensjonert arkitekt og ingeniør. Han er også pappaen til artisten Gabrielle.

Storesøster Inger er klaverpedagog. - Etter at mor og far døydde har ho på eitt vis vore mitt anker i livet og ein av mine kjæraste venner. Om vi ikkje har sett kvarandre i jula har vi likevel feira jul i lag når eg kunne komme! Det har vore veldig fint, seier Solveig.

### 16 års bryllaupsdag

Det var juleplateinnspeling i Nashville av «Julefred» (som også kom ut på engelsk; «Christmas Peace») som brakte Solveig og Jim saman. Nå feirar dei si 16. jul saman. Og for dei som lurer: Det er Jim som lagar julemiddagen.

- Han er mykje flinkare enn meg! Og han elskar pinnekjøtt! Men eg tek meg heller av bakinga, smiler Solveig til slutt.

# OLGA
# – FRÅ KARELIA VIA SKJERVØY TIL STRAND

TEKST OG FOTO: MARTIN IVAR ARNESEN, SOKNEPREST STRAND

Olga Terekhova starta opp som kyrkjemusikalsk leiar i Strand i oktober 2025. Då kom ho frå stilling som organist i Skjervøy i Troms, kor ho hadde vore i 2 ½ år.

## Med bakgrunn frå Karelia i Russland

Ho er fødd og oppvaksen i byen Petrozavodsk i Karelia. Karelia er ein av 21 republikkar i den russiske føderasjonen i det nordvestre i Russland, og grensar til Finland. Karelane er eit folk som er beslekta med finnane.

Olga fortel at foreldra også var musikarar. Då dei var unge, kom dei til Petrozavodsk frå ulike stader i Russland for å studera ved Petrozavodsk konservatorium, kor dei møtte kvarandre. Dei arbeidar som musikkpedagogar for studentar. Olga si søster er òg musikar – utdanna som fiolinist ved konservatoriet i Moskva.

«Så eigentleg hadde eg ikkje noko anna val enn å bli musikar», fortel Olga. «Eg spela piano frå barndomen og fullførte musikkhøgskolen. Folkeleg finsk-ugrisk musikk interesserte meg, og eg studerte det vidare på konservatoriet. Eg spelte på forskjellige tradisjonelle kareliske instrument, kantele og jouhikko, og song songar på karelsk. Heile mitt yrkesliv har på ein eller annan måte vore knytt til folkemusikk».

Det bur meir enn hundre forskjellige folkegrupper i Russland, inkludert dei finsk-ugriske. Nokre av dei har klart å bevare kulturen sin godt, og dei lever i eit dobbelt kulturelt landskap og snakkar både russisk og sitt eige morsmål. «Men dessverre har ikkje alle vært like heldige med å ta vare på kulturen sin. I Karelia er det til dømes berre nokre få eldre kvinner som kan språket».

## Til Noreg som organist

Som studentar reiste Olga og dei andre til nabolanda på folkemusikk-festivalar og konferansar.

«Eg har vore mange gonger i Finland, men òg i Noreg, Sverige og Estland. Eg hugsar fortsett min første tur til Noreg – til festivalen «Smeltedigelen» i Mo i Rana. Naturen og menneska gjorde eit uforgløymeleg inntrykk på meg, og sidan den gongen har Noreg vore mitt drøymeland».



Etter ei tid fekk ho vita at det òg i Petrozavodsk er ei luthersk kyrkje - støtta av Finland. Ho tok kontakt og vart kjent med folka i kyrkjelyden. Etter tilråding derfrå starta ho på kantor-kurs i St. Petersburg.

## Frå ortodoks til luthersk julefeiring

Olga fortel at det er stor forskjell på den norske lutherske og den russiske ortodokse kyrkja. Den ortodokse er den offisielle religion i Russland. «Eg opplever at det er godt å bli ein del av den norske kyrkja. Det handlar om fellesskap – om å vera saman og støtta kvarandre».

Juletradisjonane er forskjellige. I Russland blir jul feira 7.januar, etter den ortodokse kalenderen. Før jul er det faste. I kyrkjene er det midnattsmesser julaftan 6.januar. Julematen blir delt i to deler. Julaftan spiser vi berre fastemat, for eksempel søt grøt av korn med honning og rosiner, som symboliserer liv og velsigning.



Men 7.januar er bordet fylt av god mat – stekt kjøt, paiar og salatar.

Under Sovjet-tida, var jula og andre kyrkjelege høgtider forbode. Derfor vart nyttår den viktigaste vinterhøgtida. Etter at Sovjetunionen gjekk i oppløysing i 1991, er det enno nyttår som vekkjer flest kjensler og forventingar hos folk. «Nokre av juletradisjonane er flytta til nyttårsaftan – som juletre, gåver, forventingane om eit mirakel, håpet og tid saman med familien. I dag blir juletradisjonane gradvis gjenoppliva, og mange ser fram til begge desse vinter-høgtidene med stor glede».

### Frå Skjervøy til Tau

Olga flytta til Tau saman med sin mann Ahmad Darraz i slutten av september. Då kom ho frå organist-jobb i Skjervøy i Troms kor ho budde i 2 ½ år. «Det er verkeleg utruleg kor ulik naturen i Noreg er – frå det barske nord til det venlege sør. Naturen på Tau liknar mykje på naturen i Karelia. I Karelia veks det òg store, vakre furutre, og det er mykje vatn - både det som kjem frå himmelen og ligg på bakken». Petrozavodsk ligg ved Europas nest største innsjø, Onegasjøen, som kan bli kalla eit hav.

For Ahmad er dette det tredje landet han bur i. Han vart fødd og oppvaksen i Jordan. Dei siste 7 åra har han studert medisin i Russland.

«Vi trivst veldig godt, og håpar å få eit lykkeleg liv her på Tau», avsluttar Olga.




# ALTERTAVLA I FISTER KYRKJE 400 ÅR

TEKST: ASBJØRN SALTHE

Kyrkja på Fister vart bygd i 1867, og i 2017 feira kyrkjelyden kyrkja sitt 150-årsjubileum. Kor mange kyrkjer det har vore på Fister før den noverande er det ingen som veit. Kanskje var det ei stavkyrkje frå mellomalderen som sto heilt til «nye-kyrkja» kom. Men det kan òg tenkast at det har blitt bygd ny kyrkje på 1600-talet, og at det var denne som måtte vika for ny kyrkje på 1860-talet.

Det som er sikkert er i alle fall at kyrkjebyggarane på 1860-talet tok vare på mykje inventar frå tidlegare tider og sette det inn i den nye kyrkja: Her er eit krusifiks frå 1500-talet, og døypefonten i kleberstein er nok endå eldre. Her er altarsølv frå 1600- og 1700-talet, og så er det preikestolen og altartavla. Desse er truleg laga omtrent samtidig, og av handverkarar som representerer det som seinare har blitt kalla for «Stavangerrenessansen».

Det er grunn til å tru at det er Thomas Snekker som snikra altartavla i Fister. Han laga minst fjorten altertavler til kyrkjer i Rogaland, og tavla i Fister kyrkje skal vera den einaste av altertavlene frå Stavangerrenessansen som er skoren i eik. Øvst oppe på altertavla er det skore inn «Anno: 1626», så me treng vel ikkje vera i tvil om kva tid snikkararbeidet vart utført. Men korleis altertavla såg ut då Thomas Snekker gjorde seg ferdig er ikkje godt å seia, for først i 1633 vart ho måla. Då var det Gottfried Hendtzschel som sto for arbeidet.

I 2026 er altså altertavla fire hundre år gamal. Dette vil kyrkjelyden markera søndag 15. mars. Denne dagen er det gudsteneste kl. 18.00, og etter gudstenesta vil Hilde Smedstad Moore, som er malerikonservator ved Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger, fortelja meir om altertavla.

# EIT BARN ER FØDT

TEKST: ÅSNE GULLIKSTAD
FOTO: HÅVARD BJELLAND

Fødselen til Paskalina kunne ha gått veldig gale. Ho overlevde takka vere behandlinga ho fekk på Haydom-sjukehuset i Tanzania.

– No har eg det bra, og babyen min har det bra, seier Paskalina Qawock (35).

Ho ser ned på barnet i armkroken. For berre nokre timar sidan fødde ho sitt sjette barn, ei lita jente som har fått namnet Angelina.

Då fødselen starta var ho heime, om lag ti kilometer frå sjukehuset vi er på – Haydom Lutheran Hospital i Manyara-regionen i Tanzania.

Alt gjekk fint – heilt til rett etter fødselen.

– Ein ropar: «Haste!»

Då byrja Paskalina å blø kraftig, ein såkalla postpartum-bløding. På verdsbasis er dette ei av dei viktigaste årsakene til at kvinner døyr i samband med fødsel, særleg i fattige land.

Heldigvis for Paskalina var ho på Haydom-sjukehuset, eit sjukehus som vart oppretta av norske misjonærar i 1955, og som Kirkens Nødhjelp har støtta i mange år.

– Når ei kvinne byrjar å blø kraftig etter at morkaka er ute, hastar det veldig, fortel jordmor Sabina Mmao, som er saman med Paskalina i dag.

## Reddar liv

Dei tilsette på Haydom veit kva dei skal gjere når det oppstår ein kritisk situasjon. Det er eit resultat av eit forskingsprogram som Haydom-sjukehuset står i spissen for.

Det har gitt resultat som har vekt internasjonal merksemd: I løpet av tre år er dødsfall blant fødande kvinner redusert med 75 prosent og nyfødt-død med 40 prosent ved dei 30 fødestadene i fem regionar der programmet vart innført.

Det såkalla Safer Births Bundle of Care-programmet er eit samarbeid mellom Haydom-sjukehuset, norske forskarar, Norad, norske Lærdal Global Health og tanzanianske styresmakter.

Kirkens Nødhjelp har sidan 2015 hatt hovudansvaret for å følgje opp den norske pengestøtta til sjukehuset.

## Millionar døyr

Kvart år døyr rundt 300 000 kvinner globalt i samband med svangerskap og fødsel. 2,3 millionar nyfødde døyr i løpet av den første levemånaden, ifølgje UNICEF.

Programmet Safer Births Bundle of Care (SBBC) har i fleire område i Tanzania klart å sikre betre behandling for dei viktigaste årsakene til dødsfall blant nyfødde og fødande.

Suksessen handlar om nokon kombinasjon av fleire element i behandlinga, slik at det blir ei pakke med tiltak. Nokon har mellom anna utvikla gode tekniske apparat, og helsearbeidarane øver svært ofte på realistiske scenario som kan oppstå.

## Heldig

Det er framleis under eit døgn sidan Paskalina fødde. Alt er roleg no, og sjølv om ho er sliten, er forma god.

– Ho er veldig heldig som fødde her, seier jordmor Sabina Mmao.



Heldigvis for Paskalina var ho på Haydom-sjukehuset då ho fødde vesle Angelina

Allereie same ettermiddag blir ho utskriven frå sjukehuset. Svigermor skal bli med henne heim. Med eit breitt smil rundt munnen og med dottera i armkroken kryp Paskalina inn i baksetet på nokon trehjulsmotorsykkel, på same måte som ho kom hit før fødselen.

Både i Tanzania og i Noreg nærmar vi oss julefeiringa – ei tid der vi minnest natta då Jesusbarnet vart født. Akkurat som nyfødde Angelina, kom også Jesus til verda under utrygge forhold, der både mor og barn var sårbare.

I ei høgtid der mange samlast rundt god mat og gåver, minner juleevangeliet oss om julas eigentlege kjerne: Gud kom til oss for å vise korleis vi kan vere hans hender og føter i verda. Han kom for at vi skulle få sjå nestekjærleik – ikkje berre i ord, men i handling.

Kirkens Nødhjelp sitt kall er å kjempe mot naud og fattigdom. Saman med kyrkjene i Noreg reddar vi liv, styrkjer lokalsamfunn og kjempar for rettferd – kvar dag.

**SLIK GIR DU ÅRETS VIKTIGASTE JULEGÅVE:**

